




Alver kommune  
Havnevegen 41 A  
5918 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon

Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

## Uttale - Alver - 40/112 - Hodneland - naust - dispensasjon

Vi viser til brev frå kommunen datert 20.03.2020. Saka gjeld søknad om dispensasjon for oppføring av naust. Det har tidlegare stått eit naust her som vart øydelagt i ein storm i 2007. Det er naudsynt med dispensasjon frå plankrav, byggjegrense mot sjø og arealformål fritidsbustad i kommuneplanen sin arealdel.



### Fylkesmannen si vurdering

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak det formålet området er sett av til i arealdelen av kommuneplanen og plan- og bygningslova sine formål ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 andre ledd.



I denne saka er det naudsynt med heile tre dispensasjonar, deriblant byggeforbodet i strandsona jf. pbl § 1-8. I 100-metersbeltet langs sjø skal det alltid takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser jf. pbl. § 1.8 fyste ledd. Strandsona skal generelt haldast open og privatisering og nedbygging skal unngåast. Forbodet i § 1-8 andre ledd skal vege tungt. Eventuelle avvik frå dette forbodet skal som hovudregel skje gjennom ordinær planlegging, ikkje som dispensasjon, jf. Ot.prp.nr 32 (2007-08)

Fylkesmannen er i utgangspunktet negativt til at strandsona vert utbygd dersom det ikkje ligg føre overvekt av samfunnsinteresser som kunne forsvart ei utbygging. Vi kan ikkje sjå at det er særlege samfunnsinteresser i denne saka. Fylkesmannen vil likevel ikkje motsette seg at det vert oppført eit naust som i vesentleg grad er likt det som var øydelagt i 2007. Vi er derimot kritisk til at det nye nauset skal stå på ei fylling i sjøen, og ikkje på søyler slik det gamle nauset var. Dette vil føre til vesentleg større inngrep i strandsona, enn det som har vore her før.

Fylkesmannen ber om å eit eventuelt positivt vedtak til klagevurdering.

Med helsing

Egil Hauge  
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*